

Nordfjord vassområde

ARBEIDSUTVALET TIL NORDFJORD VASSOMRÅDE



MØTE 11.12.2014

Stad: Bryggen hotell kl 9:30 – 12 med lunsjservering

Sak 7-2014 Overvaking jordbruk/spreidde avløp v/ Asplan Viak

Drøfting av innhald i rapportutkast (sendt i eigen epost). Framlegg til rettingar / tillegg. Presentasjon av resultat for Vassområdeutvalet, eventuelt også andre gjennomførte overvakingssjakt.

Sak 8-2014 Vidareføring av prosjekt og felles prosjektleiar med Sunnfjord VO.

Framhald av prosjekt/prosjektleiar. Sjå fylkesutvalet sin behandling av saka 24.09.2014 (vedlagt) Status er at stilling ikkje er lyst ut. Uvisst om stilling blir lyst ut før ein har vedtak frå kommunane om finansiering. Fylkeskommunen har henta inn opplysningar frå vassområda om kostnadsfordeling som er nytta til no. Noverande prosjektleiarstilling går ut 31.12.2014.

Leiar, Anders Ryssdal, ønsker møte i Vassområdeutvalet i midten av januar for å drøfte situasjonen.

Sak 9-2014 Høyring av Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram

Oversendingsbrevet, side 2, gir ein god oppsummering av kva ein spesielt ønskjer innspel på.

Gå spesielt igjennom tiltaka der kommunen står som ansvarleg styresmakt og/eller tiltakshavar. Spele inn evt rettingar og oppdateringar.

Miljømål, tiltak m.m. står i vedleggstabellar til tiltaksprogrammet (vedlegga til denne eposten fungerer betre enn tilsvarende på vannportalen). Her står alle vassforekomstar i risiko oppført, med ei linje pr påverknad.

Tabellen finst i tre utgåver:

- A) PDF-utgåve – her må du bla deg ned gjennom alle vassforekomstar i fylket med risiko for ikkje å oppnå standard miljømål innan 2021.
- B) Excel-ark, «Samleark» (fullstendig utgåve. Du kan nytte «filterpilane ved kolonneoverskriftene til å velje kommune, påverknad m.m.)
- C) Excel-ark, «pdf.papirtabell» (same innhald som PDF-utgåva, men her kan du velje ut kommunar, vassområde, påverknadstype m.m. ved å bruke «filterpilane» ved kolonneoverskriftene)

Ordforklaring miljømål:

GØT = God økologisk tilstand, dvs standard miljømål, der ikkje unntak er vedtatt.

GØP = God økologisk potensiale. Betyr at vassforekomsten er utpeikt som sterkt modifisert (Vassforskrifta §5). Miljømål blir sett individuelt for vassføre (til dømes «Fungerende økosystem», «Levedyktig bestand av innlandsaure» osv.

MSM = Mindre strenge miljømål (Vassforskrifta §10) – Nasjonale føringer tilseier at dette kun gjeld vassdrag som er tørrlagde pga regulering.

Årstal viser når miljømålet er venta å bli oppnådd. Normalt er dette 2021, men kan vere utsett til 2027 eller 2033 (dvs utgangen av dei 2 påfølgjande forvaltningsplanperiodene), med heimel i Vassforskrifta §9.

Sak 10-2014 Støtteordningar for kommunar til vassforvaltningsarbeid

Rundskriv T-1/14 (www.regjeringen.no) om tilskot til fisketiltak, vassmiljøtiltak, grunn og sjøbotn frå Miljødirektoratet / Fylkesmannen.